



## Norsk Ornitologisk Forening (NOF)

Sandgata 30 B  
N-7012 Trondheim

e-post: [nof@birdlife.no](mailto:nof@birdlife.no) internett: [www.birdlife.no](http://www.birdlife.no)

Telefon: (+ 47) 73 84 16 40  
Bankgiro: 4358.50.12840  
Org. nr.: 970 089 748 NVA

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Deres ref.	Deres kontaktperson	Vår ref.	Vår kontaktperson	Dato
NVE-ref.: 201901315-154 Arkiv: 617			Martin Eggen	03.12.2019

### **Haram vindkraftverk – Oversending av klager på vedtak om detaljplan/miljø-transport og anleggsplan og forlenga konsesjon Tilleggsmerknader etter NVE sitt oversendingsbrev til OED**

Vi syner til brev frå NVE til Olje- og energidepartementet datert 18.11 2019 om ovafor nemnde sak. Norsk Ornitologisk Forening, NOF, saman med ei rekkje andre, har sendt inn klage. Når det gjeld grunngjeving for klaga, viser vi i hovudsak til klagebrevet, men etter gjennomgang av oversendingsbrevet frå NVE finn vi det naudsynt med tilleggsmerknader og presiseringar.

#### Klagevurdering:

NVE skriv at klagen er førebudde i tråd med forvaltningslova § 33. Her finn vi grunn til å etterlyse korleis paragrafens andre avsnitt, «*Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til*», er følgt opp. På kva måte kjem det fram? For dei fleste grunngjevingane i NOFs klage er det vanskeleg å sjå korleis NVE har følgt opp i samsvar med § 33. Med tilvising til paragrafens siste ledd vil det legges ansvaret på klageinstansen for å sjå til at klagegrunnlaget er opplyst så godt som mogleg før klageavgjerd.

#### «Klage» frå Haram Kraft:

NVE tilrår i vurdering av klager etter forvaltningslova sin § 28 å innlemme Haram kraft sin søknad av 06.11 2019 om innkorting av periode der anleggsarbeid ikkje skal gå føre seg, som ei eiga klage. Dette kan ikkje vere i samsvar med forvaltningslova sin § 31. Haram Kraft har sjølv ikkje levert dette som ein klage, og deira brev er uansett datert lenge etter klagefrist.

#### Vilkår for utføring av anleggsarbeid av omsyn til fugl:

I innleiande merknader til klager og klagarar viser NVE til at det er sett vilkår for i kva periodar anleggsarbeidet kan utførast av omsyn til å unngå negative effekter på hekkande fugl. For ordens skuld må NOF peike på at dette vil vere av underordna interesse så lenge resultatet av omsøkte tiltak vil få langt større, permanent negativ verknad, også for arealfreda område på begge sider av konsesjonsområdet (Haramsfjellet vestsida og Ullasundet). Klagen frå NOF og fleire andre viser til naturmangfaldlova § 49 og tiltak utafor verneområde som får verknad for verneverdiane inne i verneområde. Dette er ikkje kommentert av NVE.

Vurdering av oppfatning om tidlegare sakshandsamingsfeil og manglande kunnskapsgrunnlag:

NVE har berre vurdert det som er aktuelt for MTA, detaljplan for vindkraftverket og konsesjonspliktige endringar. Når ei rekkje av klagarane, blant dei NOF, hevdar at det er gjort sakshandsamingsfeil ved at viktig, innspelt og tilgjengeleg kunnskap ikkje har vore vurdert, eller openbert er vurderte feil i samband med tidlegare konsesjonsvedtak, og klageinstansen etter forvaltningslova § 34 og for saker under klage kan prøve alle sider av saka, oppfatar NOF det som ny sakshandsamingsfeil når NVE i klageførebuing og sakshandsaming ikkje har vurdert desse sidene av saka i det heile.

Kollisjonsfare ved skrentar:

NVE sin konklusjon er at turbinar nær skrentar vil føre til større kollisjonsfare for fugl enn lenger inne på fjellplatået. Generelt kan dette sikkert vere rett, men kva er «nær» når avstandar på tvers av Haramsfjellet er korte og vesentleg kortare enn det som for Smøla vindkraftverk er registrert som utslagsgjevande for å få redusert kollisjonsfare. *Alle* fugleartar dreg fordel av gunstige luftstraumar, ikkje berre rovfugl og enkelte andre grupper.

§ 49 i naturmangfaldlova:

NOF syner i si klage til og oppfatar det som alvorleg sakshandsamingsfeil og brot på regelverket, når tiltaket ikkje har vore vurdert etter naturmangfaldslova § 49 for fleire konsesjonsvedtak (forlenga fristar) etter at lova vart sett i kraft i 2009. NVE syner rett nok til OED sitt klagevedtak av 14.12 2009 og meiner at når styresmaktene har justert grensa for foreslått naturreservat og planområde for vindkraftverk slik at dei ikkje overlappar, medfører dette at detaljplan/MTA ikkje er i strid med naturmangfaldlova sin § 49. Dette må vere ei alvorleg mistyding av paragrafens innhald. Grensejusteringa var eit grep for å unngå formalkonfliktar mellom utbygging og framtidig vern, ikkje for å unngå realkonfliktar og sikre verneverdiane, som er intensjonane for § 49. Spørsmålet må etter NOFs oppfatning vere sentralt i den aktuelle klageprosessen. Dette gjeld ikkje berre Haramsøya vestside, men og Ullasundet fredingsområde med tilhøyrande fuglelivsfreding, eventuelt og Vestanvika og Husfjellet, avstand 0-3 km. Fleire av dei sentrale fugleartane har ein stor del av livsgrunnlaget i dei arealfreda områda, men vil bli negativt råka frå eit eventuelt vindkraftverk på fjellet.

Faktafeil i kunnskapsgrunnlaget:

NOF peikar på alvorlege faktafeil og manglar i kunnskapsgrunnlaget for å vurdere verknader for fugl, jamfør naturmangfaldlova sine §§ 8-10 og 12. NVE bad før høyringa om supplerande data. Det ligg føre ein tilleggsrapport frå Multikonsult med omtale av fleire fugleartar. NOF meiner det er all grunn til å etterlyse kvalitetssikring av denne rapporten så langt det gjeld fuglelivet. NOF har ved fleire høve tidlegare spelt inn viktig faktakunnskap. I rapporten står dette fram som nøytralisert og bagatellisert, slik foreininga har opplevd at også NVE har gjort tidlegare, først og fremst for førekomst av hubro og andre rovfuglartar, dels også sjøfugl. NOF har tidlegare og no understreka kvifor det konsekvent har vore unngått å risikere å forstyrre aktuelle hekkelokalitetar for hubro av omsyn til ein sårbar art. Gjennom ein 50-års perioden har NOF samla kunnskap om fuglelivet på Haramsøya, den perioden NVE og no også Multikonsult hevdar det ikkje har vore noko som tyder på fast tilhald av hubro på øya, sjølv med rapporterte lyd- og synsobservasjonar av arten. Frekvensen av rapportar frå Haramsøya i høve til feltinnsats er ikkje påfallande annleis enn for hubro i område med kontinuerleg oppfølging heile året. Dette krev at føre-var-prinsippet må leggest til grunn, naturmangfaldlova § 9. NVE nedvurderer også situasjonen for toppskarv i Møre og Romsdal. Her vil NOF krevje at dette må bli vurdert av fagfolk og fagstyresmakter med ansvar for artsforvaltning, etter som NVE gjer seg skuldig i sterkt forenkla bruk av raudliste-omgrepet.

Instrumentell bruk av raudliste der kategorien for toppskarv er «livskraftig bestand», betyr ikkje anna enn at bestanden dei siste åra har vore på eit stabilisert nivå over lang nok tid til at systemet sine statistiske metodar ikkje fangar opp faren for at lite skal til før arten kan forsvinne. Det seier ingen ting om behovet for forvaltningstiltak, og kan slett ikkje nyttast for å bagatellisere behovet for å sikre viktige hekkeplassar i langtidsmåletokk. Faktum er at toppskarvbestanden i Møre og Romsdal på 1970-talet var i storleiksorden 7-9000 par og i dag ein stad mellom 500 og 1000 par. På 1970-talet var Møre og Romsdal viktigaste hekkeområdet i Norge, og Norge hadde internasjonalt forvaltingsansvar for arten. Det må vere målestokken for å vurdere verdiar og behov for ei arealforvaltning som sikrar arten eksistensgrunnlaget for arten på lang sikt.

#### Overvaking og «avbøtande» tiltak:

Når NVE set vilkår for overvaking av fugl etter utbygging og skisserer «avbøtande tiltak», er dette ikkje realomsyn for å sikre naturverdiar. Kva som skjer etter at eventuelle tiltak er sett i verk, er noko heilt anna enn å sikre ei lovfesta sakshandsaming der omsynet til verneverdiar og funksjonsverdiar i naturen skal leggest vekt på ved vurdering av å gje løyve for nye naturinngrep. Klagene på konsesjonsvedtak og utviding/ endring av konsesjon til Haram kraft gjeld nettopp dette.

#### Kva er «kritikk» og kva er klage:

I oversendingsbrevet frå NVE står at NOF har *kritisert* NVE og konsulentfirma. Dette oppfattar vi som endå eit tilfelle av å dra fokus bort frå realproblematikken. Foreininga har levert grunngeven *klage* på sakshandsaming, vurdering og vedtak. Dette er lovfesta, formell del av norsk forvaltning etter forvaltingslova. Dette må NVE ta inn over seg og legge til grunn, ikkje bagatellisere våre og andre klagarar sine grunngevene klager ved å verbalisere dei på ein måte som kamuflerer alvor og realitet i klagegrunnlaget.

#### Konklusjon:

NOF reknar med at Olje- og energidepartementet syter for at både NOFs og andre klager vert handsama i tråd med det som er fastsett i Forvaltingslova §§ 28-34 og at eit endeleg vedtak er grunngeve i høve til dei klagene som er sette fram: I høve til Norges miljømål, Norges internasjonale plikter i høve til avtalar og konvensjonar, så vel som nasjonalpolitiske prioriteringar i høve til andre tema. Særleg viktig er det at sikring av verneverdien i tilgrensande verneområde vert vurdert med utgangspunkt i naturmangfaldslova sin § 49, og at naturmangfaldslova sine §§ 8-10 og 12 vert oppfylte.

For Norsk Ornitologisk Forening

*Kjetil Aa. Solbakken*

Kjetil Aa. Solbakken, generalsekretær

Vedlegg: Kart over Haramsfjellet med avgrensing av arealfreda verneområde i nærleiken, innafor avstandar på 0-3 km frå konsesjongitt område.



KOPI:  
Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
Klima- og miljødepartementet (KLD)  
Miljødirektoratet  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal